

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.12.2023

Vår ref.: 202318602-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget i Vinje kommune og Ullensvang kommune

Det er kome inn ein søknad til NVE frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget i perioden 01.03.2024 – 06.04.2024. I samband med ombygging av Kjela dammar søker Statkraft Energi AS om midlertidig løyve til å:

1. manøvrere Ståvatn over LRV
2. halde Kjelavatn nær LRV i perioden
3. fråvike slepp av minstevassføring på 300 l/s i Kjelavassdraget

Sjå vedlagt søknad for fleire detaljar. NVE har handsama liknande søknadar i 2020 og 2022 (sjå <https://www.nve.no/8491/V> og <https://www.nve.no/8784/V>).

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er naudsynt. Søknaden om midlertidig løyve vert difor berre sendt på avgrensa høyring til Vinje kommune, Ullensvang kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Statsforvaltaren i Vestland. NVE ynskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Me ynskjer òg tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttala seg.

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

19.01.2024



Med helsing

Brit Torill Haugen
seniorrådgjevar

Hanne Tjoflot
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samband med NVE sine interne rutinar.

Vedlegg: Søknad om midlertidig fravik - Kjelavassdraget

Mottakarliste:

VINJE KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
Vestfold og Telemark fylkeskommune
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS
STATKRAFT ENERGI AS - Hallgeir Aarbakk